

## INNHALDSFORTEGNELSE

Kva er ein verksemdsplan .....	side 3
Presentasjon av Langevåg barnehage .....	side 3
Visjon og verdier .....	side 4
Årsoversikt .....	side 5
Læring og læringssyn .....	side 6
Leik .....	side 7
Leik- og læringsmiljøet .....	side 7
Omsorg og danning .....	side 8
Mangfald, likestilling og likeverd .....	side 8
Sosial kompetanse .....	side 8
Språk .....	side 9
Livsmeistring og helse .....	side 9
Førebyggjande arbeid mot mobbing og krenking .....	side 9
Observasjon .....	side 10
Dokumentasjon og Vurdering .....	side 10
Progresjon i forhold til fagområda .....	side 10
Fagområda .....	side 11
Natur, miljø og teknologi	
Kommunikasjon, språk og tekst	
Tal, rom og form	
Kunst, kultur og kreativitet	
Etikk, religion og filosofi	
Kropp, rørsle og helse	
Nærmiljø og samfunn	
Digitale verktøy i barnehagen .....	side 12
Tilvenning i barnehagen.....	side 12
Overgang barnehage – skule – siste året i barnehagen .....	side 13
Overgang mellom avdelingar .....	side 13
Personalsamarbeid .....	side 13
Foreldresamarbeid .....	side 14
Samarbeid med andre instansar .....	side 14
Utviklingsprosjekt eksterne og interne .....	side 15
Praksisbarnehage .....	side 15



## KVA ER EIN VERKSEMDSPLAN?

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggast, dokumenterast og vurderast. Alle barnehagar står fritt til å velje metodar, likevel er det rammer som ein må ta omsyn til.

Samanhengen mellom desse er:

### Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar:

Barnehagelova gjeld for alle barnehagar og Rammeplanen for barnehagar er ei forskrift til lova. Desse er dei nasjonale styringsdokumenta våre.

### Sula kommune sine vedtekter for kommunale barnehagar:

Dei kommunale barnehagane skal driftast etter dei politiske vedtektene for dei kommunale barnehagane som var vedtatt i kommunestyret 01.01.2013.

### Forskrift om miljøretta helsevern

### Verksemdsplan for Langevåg barnehage:

Langevåg barnehage har ein felles verksemdsplan som gjeld for heile barnehagen. Den gjeld for 3 år i gongen og skildrar Langevåg barnehage.

### Årsplan/periodeplanar for Langevåg barnehage:

Kvart år skriv barnehagen ein felles årsplan som gjeld for alle 6 avdelingane, årsplanskrivinga inkluderar heile personalet.

Avdelingane skriv også 6 periodeplanar kvar år (2 månader i gongen) og vekeplan vert sendt ut på e-post kvar veke.

## PRESENTASJON AV LANGEVÅG BARNEHAGE

Langevåg barnehage er ein kommunal barnehage med 6 avdelingar. Langevåg barnehage er den eldste kommunale barnehagen i Sula kommune og vart opna i 1978. Sidan den gong har barnehagen vokse frå å vere 2 avdelingar til 6. I august 2015 flytta barnehagen inn i eit nytt, flott bygg på Molvær.

Namnet på dei 6 avdelingane er inspirert av bygget og arkitektens fargeval. Barnehagen har 3 småbarns-avdelingar – Avdeling **Blå**, **Gul** og **Grå**, og 3 storbarns-avdelingar – Avdeling **Raud**, **Grøn** og **Oransje**.



Barna som går i barnehagen er frå Sula kommune, med hovudvekt på barn frå Langevåg. Barnehagen ligg sentralt i Langevåg sentrum, nær skogen, fjellet og fjøra. Vi er flittige brukarar av nærmiljøet rundt oss. Vi har også eit kjempeflott uteområde i barnehagen.

Langevåg barnehage har i år opningstid frå 07.00 – 16.30. Ved behov, kan vi ha ope i inntil 10 timar og 15 minutt. Denne er behovsprøvd, og kan endrast frå år til år dersom foreldre kan dokumentere arbeidsrelatert behov for det. Vi er ein heilårsopen barnehage. Alle måltida blir servert i barnehagen. Vi har fokus på eit sunt og variert kosthald.

## VISJON OG VERDIAR

Barnehagen sine egne verdier – verdimodellen vår/byggekløssane – (sjå framsida på planen)

- *Anerkjenner og ser kvarandre!*  
Startar dagen med eit smil og velkomen!  
Gir positive tilbakemeldingar – eit klapp på skuldra, ein klem, eit smil!  
Er opne og ærlege i møte med føresette
- *Lærer nye ting og støttar kvarandre!*  
Opne for barna sine idear og meiningar.  
Positive og opne for innspel frå foreldregruppa  
Opne for nye idear og å stadig utvikle oss og utfordre våre egne arbeidsmåtar og synspunkt
- *Gir tryggleik og omsorg!*  
Vi møter alle barna med omsorg og viser at vi bryr oss, vi tar barnets kjensler på alvor.  
Ein trygg base for barna og deira føresette.  
Har tid til det enkelte barn  
Alltid eit ledig fang!  
Lærer barna omsorg for kvarandre og nestekjærleik
- *Er lojale mot kvarandre!*  
Vi har respekt for ulikheitene våre og gjer kvarandre gode  
Er lojale mot avgjersler, interne og eksterne  
Jobbar aktivt for å nå måla våre
- *Utviklar barna til å bli sitt beste eg!*  
Støttar alle barn der dei er i si utvikling.  
Er i aktiv leik med barna  
Skapar eit miljø i barnehagen der vi legg til rette for at barna kan utvikle seg sjølve, både mentalt og fysisk
- *Skapar humor og glede i lag med barna!*  
Har det gøy i lag med barna.  
Støtter opp om barna sin humor og tar barna sitt initiativ.  
Viser barna at vi er glade i dei

Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Barnehagen sin verdimodell er det dei tilsette i barnehagen som har utarbeidd sjølve.

## LEIK, LÆRING OG GODE VENNER!

Leiken er den viktigaste arenaen for barns læring og utvikling av eigen identitet og sjølvkjensle. Leiken har ein sentral plass i barnehagen, den er eit almenmenneskeleg fenomen der dei fleste barn har høg kompetanse og stort engasjement. Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barna trivast og opplever barnehagen som noko meningsfylt. Vennskap er avgjerande for trivsel og utvikling. I Langevåg barnehage er vi opptatt av at alle barna skal få utvikle leikekompetansen sin - ingen barn i vår barnehage skal vere vennelaus. Vi er aktivt opptatt av at alle skal få vere med og delta i leiken. Barnehagen er ikkje opptatt av at alle skal ha ein besteven - men at alle skal ha venner! Læring om seg sjølv, om andre menneske, samspel og om den fysiske verda omkring oss, er prosessar som er med på å skape meining i barnas liv. Barnehagen skal styrke barns læring i formelle og uformelle lærings situasjonar. Dei formelle situasjonane er planlagde og leia av personalet i barnehagen. Dei uformelle lærings situasjonane er nærare knytte til kvardagsaktivitetar, og i her og no situasjonane, i leiken og i anna samhandling. Det er ikkje hensiktsmessig å trekke klart skilje mellom formelle og uformelle lærings situasjonar. Begge har ei pedagogisk hensikt.

Barna lærar gjennom alt dei opplever og erfarer. Korleis vi vaksne møter barnas uttrykk gjennom språk, kropp, kjensler og sosiale relasjonar har ei betydning for barnets læring.



## ÅRSOVERSIKT


Månad	Kva som skjer
August	<ul style="list-style-type: none"><li>· Tilvenning av nye barn</li><li>· Overflytting av barn til andre avdelingar</li><li>· Felles planleggingsdag – alle barnehagar i Sula</li></ul>
September	<ul style="list-style-type: none"><li>· Foreldremøte</li><li>· Planleggingsdag</li></ul>
Oktober	<ul style="list-style-type: none"><li>· Prosjektveker i barnehagen</li><li>· Foreldresamtalar (føresette)</li></ul>
November	<ul style="list-style-type: none"><li>· Foreldresamtalar (føresette)</li><li>· Pysj-party (barn)</li></ul>
Desember	<ul style="list-style-type: none"><li>· Luciafeiring i barnehagen (barn)</li><li>· Nissefest i barnehagen (barn)</li><li>· Julebord for barna i barnehagen (barn)</li><li>· Julegudsteneste – for dei barna som er påmeldt til det.</li><li>· Fellessamlingar kvar fredag for alle avdelingane.</li></ul>
Januar	<ul style="list-style-type: none"><li>· Planleggingsdag</li><li>· Prosjektveker</li><li>· Styrar har medarbeidarsamtalar med alle tilsette</li></ul>
Februar	<ul style="list-style-type: none"><li>· Felles planleggingsdag –alle barnehagane i Sula</li><li>· Solfest (barn)</li><li>· Karneval (barn)</li><li>· Samenes dag (barn)</li></ul>
Mars	<ul style="list-style-type: none"><li>·</li></ul>
April	<ul style="list-style-type: none"><li>· Foreldresamtalar (føresette)</li><li>· Påskefrukost (føresette)</li><li>· Besøksdagar for barn som skal overførast frå småbarn til storbarn</li></ul>
Mai	<ul style="list-style-type: none"><li>· Planleggingsdag</li><li>· Vi feirar «Prøve-17 mai»</li><li>· Foreldresamtalar (føresette)</li><li>· Besøksdagar for nye barn</li></ul>
Juni	<ul style="list-style-type: none"><li>· Sommaravslutning (barn)</li></ul>
Juli	<ul style="list-style-type: none"><li>· Felles avdelingar i sommarferien</li></ul>



Alle avdelingane inviterar til ein foreldrekaffi på haust- og vårhalvåret.

## LÆRING OG LÆRINGSSYN

Slik påverkar vi barnet si læringsreise:



### **BARNETS LÆRINGSREISE I SULA KOMMUNE.**

Læring om seg sjølv, om andre menneske, samspel og om den fysiske verda omkring oss, er prosessar som er med på å skape meining i barnas liv. Barnehagen skal styrke barns læring i formelle og uformelle læringssituasjonar. Dei formelle situasjonane er planlagde og leia av personalet i barnehagen.

Dei uformelle læringssituasjonane er nærare knytt til kvardagsaktivitetar, og i her og no situasjonane, i leiken og i anna samhandling. Det er ikkje hensiktsmessig å trekke klart skilje mellom formelle og uformelle læringssituasjonar. Begge har ei pedagogisk hensikt.

Barna lærar gjennom alt dei opplev og erfarer. Korleis vi vaksne møter barnas uttrykk gjennom språk, kropp, følelsar og sosial relasjonar har ei betydning for barnets læring.





## LEIK

Leiken er den viktigaste arenaen for barns læring og utvikling av eigen identitet og sjølvfølelse. Leiken har ein sentral plass i barnehagen, den er eit allmenmenneskeleg fenomen der dei fleste barn har høg kompetanse og stort engasjement. Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barna trivast og opplever barnehagen som noko meningsfylt. Vennskap er avgjerande for trivsel og utvikling. I Langevåg barnehage er vi opptatt av at alle barna skal få utvikle leikekompetansen sin - ingen barn i vår barnehage skal vere vennelaus. Vi er aktivt opptatt av at alle skal få vere med og delta i leiken. Barnehagen er ikkje opptatt av at alle skal ha ein bestevenn - men at alle skal ha venner!

Det som kjenneteiknar leiken er at den er ein frivillig aktivitet som barnet sjølv vel å delta i. Leiken er på liksom, den ligg utanfor det vi oppfattar som den verkelege verda. Ei anna side ved leiken er at den er indre motivert. Barnet ser på leiken som ei belønning i seg sjølv, lysta til å leike kjem i frå det indre og er ikkje styrt av ytre krefter.

Leiken er og sosialt krevjande og utviklande. Barnet må kunne skilje leik frå aktivitet. I ein leik må barna heile tida kome til einigheit om kva slags reglar som skal gjelde. Det stillast heile tida krav til fleksibilitet, systematisering og bearbeiding av informasjon slik at den gir mening og kan brukast i leiken.

Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barnas eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barns utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik - aleine og saman med andre.

### Personalet i barnehagen skal

- organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik
- bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketema/leikemiljø
- remme eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- observere, analysere, støtte, delta i og berike leiken på barnas premisser
- rettleie barna om leiken medfør uheldige samspelsmønster
- være bevisst på og vurdere eiga rolle og deltakelse i barnas leik
- ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem seg inn i leiken
- 



## LEIK- OG LÆRINGSMILJØET

Barnehagens fysiske miljø inne og ute er av betydning for barnas læring. Leiken og utstyr skal vere tilgjengeleg, variert og innby til kreativ leik og utforsking. Innreiing, leiker og utstyr skal vere slik at barna blir inspirert til å leike og utforske. Det fysiske miljøet i barnehagen skal bere preg av barns medverknad og barnas initiativ.

Barna skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling.

### Personalet skal

- sørge for eit inkluderande fellesskap og leggje til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring
- leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna
- vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet,
- læringslyst og tiltru til eigne evner
- utvide barnas erfaringar og sørge for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen
- støtte barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og mening saman med dei
- sørge for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar

## OMSORG OG DANNING

Alle barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Omsorg i barnehagen handlar om relasjonar mellom personalet og barnet, og barnas omsorg for kvarandre. Å gi barna ei moglegheit til å gi kvarandre og ta imot omsorg er grunnlaget for utvikling av barnas sosiale kompetanse. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving og evne til samspel. Omsorg skal prege alle situasjonane i kvardagslivet i barnehagen og kome til uttrykk når barna leikar, lærer, i stellesituasjon, under måltid og påkledning. OMSORG har VERDI i seg sjølv. I omsorgsomgrepet ligg også omgrep som danning og oppdragelse, personalet vil rettleie barna i deira veksling mellom samfunnets normer og sosiale krav og deira eigen veremåte.

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen.

I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.

## MANGFALD, LIKESTILLING OG LIKEVERD

Barnehagen vil fremje respekt for menneverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna vil oppleve at det fins mange måtar å tenkje, handle og leve på. I barnehagen vil barna også lære om likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status språk, religion og livssyn. Barnehagen vil motverke alle former for diskriminering.

**I barnehagen er alle like mykje verd – at vi alle er unike og ulike gjer oss ressurssterke!**

## SOSIAL KOMPETANSE

Sosial og personleg utvikling er ein tosidig prosess som tek til allereie ved fødselen og varer livet ut. Barna dannar identiteten sin gjennom dei reaksjonane dei får på sin eigen åtferd. På denne måten vil barnet utvikle seg både individuelt og sosialt ved å omgås andre.

Sosial kompetanse handlar om å meistre samspelet med andre menneske, for barna i barnehagen er det dette kvardagen handlar om. Barn med sosial kompetanse er i betre rusta til å gå inn i ei vennegruppe og veit meir om kva slags åtferd som er passande i ulike situasjonar. Sosialt kompetente barn får også oftare positive tilbakemeldingar frå andre barn, dette har ei stor betydning for ei positiv utvikling av eigen identitet. Sosial kompetanse er ikkje medfødt. Den utviklast ikkje av seg sjølv, og den oppstår ikkje gjennom modning eller tilfeldig læring. Sosial kompetanse må tileignast gjennom målretta læring, refleksjonar og eigne erfaringar.

Sosial kompetanse er viktig for å unngå og å stoppe mobbing. Sosial kompetanse betraktast som ein ressurs for å meistre stress og motgang

Sosial kompetanse består av ulike sosiale ferdigheiter som er vesentlege å meistre:

- *Sjølvhevdning – korleis ein kan hevde seg sjølv og eigne meningar på ein god måte, og tørre å stå imot gruppepress og bli med på leik og samtalar som allereie er i gong*
- *Sjølvkontroll - å kunne utsette eigne behov og ønskjer i situasjonar som krev turtaking, kompromiss og felles avgjersler, og å takle konflikter*
- *Prososial atferd - positive sosiale haldningar og handlingar som å hjelpe, oppmuntre og dele med andre*
- *Empati og rolletaking - innlevelse i andres kjensler og forståing for andre sine perspektiv og tankar*
- *Leik, glede og humor - å kunne skilje leik fra anna aktivitet, tolke leikesignal, og å la seg rive med og føle glede, slappe av, spøke og ha det moro*



## SPRÅK

Småbarnsalderen er den grunnleggande perioden for språkutvikling. Samhandling gjennom kroppsspråk og leik med lydar er ein vesentleg del av måten det vesle barnet nærmar seg andre menneske på. At vaksne oppfattar og stadfestar uttrykka til barnet og samtidig set ord på inntrykka og opplevingane, er avgjerande for korleis talespråket utviklar seg vidare. Språket er personleg og identitetsdannande og nært knyta til kjensler.

Barnehagen skal sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og kjensler.

Personalet i barnehagen er viktige som språklege førebilete. Samtalar, høgtlesing og varierte aktivitetar som beskrive under fagområdet kommunikasjon, språk og tekst er viktige sider ved barnehageinnhaldet.

Barnehagen har og ein fast dag i veka som er språkdagen vår. Dette gjeld alle 6 avdelingane.

## LIVSMEISTRING OG HELSE

Barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjevne forskjellar. Barna si fysiske og psykiske helse skal fremmast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, meistring, kjensle av eigenverd og førebygge krenkande åtferd og mobbing. Opplever eit barn krenkelsar eller mobbing, må barnehagen handtere, stoppe og følgje opp dette.

Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler. Barna skal ha moglegheit til ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen.

## FOREBYGGANDE ARBEID MOT MOBBING OG KRENKING

For å førebyggje at mobbing skjer i barnehagen må personalet vere tett i relasjon/samspel med barna på avdelinga si. Å førebyggje mobbing handlar mykje om dei vaksne sine haldningar og at dei til ei kvar tid jobbar aktivt med å fremje eit godt miljø i barnegruppa.

Kva er mobbing i barnehagen?

Vilkårlig erting er ikkje mobbing. Konflikhtar og enkelttilfelle av slåssing og utestenging er heller ikkje mobbing. Det er altså ikkje om mobbing når barn plutselig vert sinte på kvarandre, tar leiker frå kvarandre eller spring opp i raseri over noko.

Mobbing i barnehagen handlar om at nokre barn plagast og fornedrast systematisk. Midlane som nyttast kan vere slag og spark, ignorering, utestenging og erting. Disse maktmidla nyttast ikkje tilfeldig, og dei rammar ikkje tilfeldig. Dei brukast systematisk over tid og rammar gjerne eitt enkelt barn på avdelinga.

Nært samarbeid mellom personale og foreldre og systematisk observasjon og refleksjon over kvaliteten på det uformelle samspelet kan sikre at mobbing verken får oppstå eller utvikle seg. Dei tilsette og foreldre har eit felles ansvar for at mobbing ikkje får utvikle seg i barnehagen! Temaet mobbing inngår i foreldresamtalen som vi har haust og vår.



## OBSERVASJON

Observasjon er eit viktig hjelpemiddel for å skaffe oss informasjon om barnas kvardag i barnehagen. Det gir oss kunnskap om barnas utvikling innafor alle områder. Når vi observerar over tid, er det lettare å setje inn dei rette tiltaka som passar barnets modningsnivå.

Vi vaksne observerar barna både systematisk og usystematisk, den usystematiske observasjonen går ut på at vi dagleg ser og deltar aktivt i barnas aktivitetar. Den systematiske observasjonen inneber at vi tek skriftlege notatar og brukar ulike skjema, t.d TRAS.

Pedagogisk metodiske verktøy og kartleggingsmateriale som barnehagen nyttar er:

- *steg for steg*
- *språkkista*
- *TRAS*
- *Alle med*

## DOKUMENTASJON OG VURDERING

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldra, andre barnehagar, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen.

Dokumentasjon inngår naturleg i det daglege arbeidet i barnehagen.

Det kan t.d vere:

- Vekeplanar/periodeplanar
- Tilbakeblikk på veka som har vore
- Teikningar, foto av aktivitetar/turar, utstillingar, etc

Eit etisk perspektiv ligg alltid til grunn ved dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn. Alle barn har rett til vern om sin personlege integritet.

Dei tilsette i barnehagen vår vurderar skriftleg alle arrangement, periodeplanar, årsplanar. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast i frå barnehageplanane våre, barnehagelova og rammeplanen. På den måten reflekterer vi til ei kvar tid over eigen praksis i kollegiet og på avdelingane, som gir personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.


## PROGRESJON I FORHOLD TIL FAGOMRÅDA

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring.

Fagområda i Rammeplan for barnehagen:



# PROGRESJONSTRAPPA



## 3 - 4 - ÅRINGANE

### MÅL

Få grunnleggjande innsikt i natur, miljøvern og samspel i naturen

Utvikle toleranse og interesse for kvarandre, og respekt for kvarandre sine ulikskapar.

Utvikle si kjensle til å lytte, iaktta og uttrykke seg gjennom kultur, kunst og estetikk.

Verte kjend med og delta i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet.

Vidareutvikle kroppsbeherskelse, grov- og finmotorikk, rytme, motorisk kjensle.

Introduksjon til matematiske omgrep i daglegtaalen.

Barna skal vidareutvikle begrepsforståing og bruke eit variert ordforråd.

## 1 - 2 - ÅRINGANE

### MÅL

Få positive opplevingar i naturen

Få forståelse og interesse for kvarandre sine ulikskapar.

Få kjennskap til og kunne uttrykke seg gjennom musikk, sang, dans, drama og forming.

Verte kjend med og delta i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet.

Få ei positiv sjølvopfatning gjennom fysisk meistring.

Leike, utforske og få erfaringar med ulike former, mønster og størrelsar inne og ute.

Barna skal lytte, observere og gi respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne.

## 5 - ÅRINGANE

### MÅL

Få ei forståing av at alt i naturen heng saman.

Erfare at grunnleggjande spørsmål er vesentlege, undre seg i lag med vaksne.

Utvikle evne til å bearbeide og kommunisere sine uttrykk gjennom skapande verksemd.

Verte kjend med historiske endringar i lokalmiljø og samfunn.

Få kunnskap om menneskekroppen og forståing for tydinga av gode vanar og eit sunt kosthald.

Verte fortruleg med talsiffer og talrekkefølge.

Barna skal utvikle eit modent ordforråd og bruke det i kommunikasjon med andre i ulike situasjonar.

Natur, miljø og teknologi

Ettikk, religion og filosofi

Kunst, kultur og kreativitet

Nærmiljø og samfunn

Kropp, rørsle måt og helse

Tal, rom og form

Kommunikasjon, språk og tekst

## DIGITALE VERKTØY I BARNEHAGEN

*Målsetting for Sula kommune:*

*Alle barn i Sula kommune skal få erfaring og hjelp til å utvikle digitale ferdigheter. Ikt skal supplere barnehagane og skulane sine arbeidsmåtar, for betre tilpasse opplæringa, motivere og støtte barn si utvikling og læring. Barn i Sula skal utvikle digital dømmekraft slik at dei kan omgås andre i den digitale verda.*

Alle avdelingane og førskulegruppa i Langevåg barnehage har eigen Ipad og pc.

IKT står for informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Teknologi påverkar miljø og menneske, og er ein del av livet vårt. Teknologi påverkar korleis barna lever, leikar og lærer. I alle delar av samfunnet har IKT ein sentral plass. I arbeid med digitale verktøy i barnehagen er det først og fremst snakk om å få til ein god pedagogisk prosess der fleire verktøy kan være medverkande. Barnehagen har ivaretatt foreldra og etikk, personvern og sikkerheit. Ved at barna har fått lov til å utforske digitale verktøy, har bruken av disse blitt ufarleggjort, og kan samanlikne med kva som helst andre verktøy i barnehagen, som for eksempel teikne og skriveaktivitetar.

Den digitale verden er over oss og vi kan ikkje velje det bort. Det er også ein del av barna sin kultur og mediekvardag. Derfor er det viktig at barnehagen kan bidra i dette arbeidet slik at synet og haldningane til barna blir balanserte. Barna ser gjerne fleire og ulike måtar å bruke for eksempel eit nettbrett på og at det kan brukast til fleire ting enn spel.

## TILVENNING I BARNEHAGEN

Tilvenningsperioden i barnehagen

Små barn har eit grunnleggjande behov for å føle seg trygge. Det gjer dei når dei er saman med vaksne dei kjenner og som dei har etablert ein nær og positiv relasjon til. I tilvenningsperioden treng barnet at foreldra bidrar til at barnet føler tryggleik frå relasjonen til dei sjølv over til personalet i barnehagen. Dette bidrar foreldra til ved å hjelpe personalet med å forstå barnets signal og uttrykk ved å setje ord på desse, og støtte opp under samspelet mellom barnet og dei nye vaksne. Personalet vil på ein sensitiv måte nærme seg barnet mens barnet fortsatt kan ha foreldra som sin trygge base. Det er viktig å ha tiltru til barnehagen og stole på at personalet vil takle dei ulike situasjonane som kan oppstå under ei tilvenning, personalet i barnehagen er profesjonelle i å avleie dei minste.

Alle barn/familiar er unike, derfor er aldri ei tilvenning lik. Alt frå 3 dagar, 3 veker til 3 månader er normalt for ein tilvenningsperiode. Borna kan gråte, vere aggressive eller trekke seg tilbake – dette er heilt normalt.

Alle nye barn som skal begynne ved Langevåg barnehage får tilbod om ein besøksdag i mai/juni før det nye barnehageåret tek til etter sommaren. Bruk dette besøket godt og gi personalet informasjon om barnet ditt – kva treng vi å vite for at vi skal kunne ta imot barnet ditt ved tilvenninga på ein best mogleg måte!

Tips til føresette i tilvenningsperioden

- ikkje trekk ut avskjeden
- ta ein telefon/sms til barnehagen og spør korleis det går
- når du bringer og hentar barnet ditt til/frå barnehagen – slå av mobilen eller ha den på lydlaus!



## OVERGANG BARNEHAGE – SKULE - SISTE ÅRET I BARNEHAGEN

Samarbeid barnehage – skule

Sula kommune har eit eige årshjul for å sikre alle barn i Sula ein god overgang mellom barnehage – skule. Barnehage og skule har også utarbeidd eit felles språk for læring, knytta opp mot *Læringsreisa til barnet*. På den måten verte barnet møtt med eit felles læringspråk både i barnehagen og i skulen.



Det verte gjennomført overføringsamtalar/møter ved behov for det. Det er føresette som avgjer kva informasjon som skal overførast til skulen, om ein gir samtykkje til det. Barnehagen informerar ikkje skulen om noko før føresette har underskreve på samtykkje til det.

#### Førskulegruppa ved Langevåg:

Barnehagen har eit eige førskuleopplegg. Vi har felles førskulegruppe på tvers av dei 3 storbarnsavdelingane, så barna verte delt inn i grupper på tvers av avdelingane sine – på den måten har barna fått bygd nye og tette relasjonar i førskulegruppa. Vi trur dei då er enda betre rusta til å verte delt inn i ulike klasser når dei skal ta til på skulen.

Førskulegruppa har eige pedagogisk opplegg 2 dagar i veka, ein turdag og ein oppgåvedag. På turdagen er dei alle på fellestur og på oppgåvedagen verte dei delt inn i mindre grupper med ein vaksne som leiar gruppa. På oppgåvedagen vert det lagt opp til oppgåver som gir barna ei moglegheit til å få auka ferdigheitene sine før skulestart. Det er styrar som har utarbeidd førskuleopplegget i samråd med pedagogisk leiar-teamet.

Førskuleborna har eige friminutt kvar oppgåvedag – då får dei lov til å vere ute på eiga hand, dette gir dei ansvar. Vi jobbar med at dei skal verte sjølvstendige og oppfordrar dei til å prøve sjølve før dei spør ein vaksen på gruppa, så kan barnet og den vaksne reflektere saman om korleis oppgåva skal løysast. Barna verte også oppfordra til å hjelpe kvarandre før dei ber dei vaksne om hjelp, på den måten ser vi at borna får meir empati og respekt for kvarandre.

### **OVERGANG MELLOM AVDELINGAR**

#### Avdelingsleiar si oppgåve:

- informere og snakke med barn/barna om overflytting
- besøke dei nye avdelingane – (fast ein gong i veka frå april/mai)
- gi nødvendig informasjon om barn/barna til den nye avdelingsleiaren
- førebu føresette på ulikheiter det er når eit barn flyttar frå ei avdeling til ei ny

#### Den nye avdelingsleiaren si oppgåve:

- ved behov sette ein fast person til å følge eit enkeltbarn
- barn/barna får vere med på å flytte tinga sine over til den nye avdelinga
- ha overflyttingssamtale med føresette ved behov for det

### **PERSONALSAMARBEID**

Ein god barnehage kan ikkje fungere utan eit godt personalsamarbeid. Derfor jobbar vi bevisst heile tida med kommunikasjon og relasjonsbygging. Vi har fokus på å vere tydelege på kommunikasjon til kvarandre, ha openheit, respekt for kvarandre, mykje humor og vere lojale mot kvarandre.

#### Barnehagen har følgande møter:

- Morgonmøte – kvar morgon møtast tidlegvaktene frå kvar avdeling og styrar
- Avdelingsmøte – ein time i veka for kvar avdeling
- Pedagogisk leiarmøte – ein time i veka, styrar leiar møta
- Pedagogkveld – pedagogmøter på kveldstid, 3 timar haust og vår
- Assistentmøte – 1 møte i månaden, 1 time
- Personalmøte – 3 timar i månaden på kveldstid
- Medarbeidersamtalar – ein gong i året. Styrar har samtale med alle tilsette
- Planleggingsdagar – 5 dagar pr barnehageår, då er barnehagen stengd



## **FORELDRESAMARBEID**

Barnehagelova §1 lovfestar eit nært samarbeid mellom barnehage og heim. Barnehagen legg til rette for foreldresamarbeid og god dialog med føresette. Foreldresamarbeidet skal skje på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og SU.

### Samarbeid mellom heim og barnehagen er organisert slik:

*Dagleg samarbeid* – den daglege kontakta mellom tilsette og foreldre ved bringing/henting er svært viktig for å få til eit godt samarbeid.

*Foreldresamtalar* – alle foreldre får tilbod om 2 samtalar i løpet av eit barnehageår. I desse samtalanene tek vi opp barnets trivsel og utvikling.

*Foreldremøter* – 2 foreldremøter i året. Møta kan vere felles for alle avdelingar eller avdelingsvis.

*Informasjon* – informasjon gjennom ulike kanalar; e-post, munnleg og skriftleg informasjon, heimesida vår eller oppslag i garderober.

## **SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR**

### Dei andre kommunale barnehagane i Sula Kommune:

Barnehagen har eit tett og godt samarbeid med dei 3 andre kommunale barnehagane i Sula; Måseide, Molvær og Sunde. Samarbeidet kan handle om utviklingsarbeid, drift, fagleg innhald og felles kurs for dei tilsette.

### Oppvekstsektoren i Sula kommune:

Felles mellomleiersamling ein gong i månaden. Her er skulane, private og kommunale barnehagar og eining for kultur representert, kommunalsjef for kultur og oppvekst leiar møta.

Barnehagane samarbeider også om kurs, pedagogkafe for pedagogane i kommunen, og læringsøker for tilsette i barnehagane og barnehageopptak.

### Helsestasjonen:

Helsestasjonen sitt mål er å førebygge sjukdom og fremme fysisk, psykisk og sosial helse. Vi arbeider ut i frå eit "heilskapsperspektiv" som handlar om å sjå barn og unge i samanheng med familie, sosialt nettverk og nærmiljø. Grunnlaget for barna sin tryggleik og personlegdom blir lagt i familien, og etter kvart i nettverk, barnehagar, skule og fritid. Allment førebyggjande arbeid og tidleg avdekking av risikofaktorar i barn sitt nære oppvekstmiljø vert inkludert i dette perspektivet.

På helsestasjonen arbeider helsesøster, jordmor, helsestasjonslegar og kontorpersonell.

### Pedagogisk psykologisk teneste:

Sentrale oppgåver for PPT er rådgjeving og rettleiing til foreldre, barnehage og skule. Målet med tenesta er å bidra til god utvikling, oppvekst og opplæring for alle som tek kontakt.

PPT skal vere ein bidragsyter til kompetanse- og organisasjonsutvikling ovanfor barnehage, skule, heim og kommunen elles. PPT skal saman med ulike partar kome fram til kva slags hjelp som er naudsynt for å sikre at barn, unge og vaksne opplever meistring og vekst.

Hjelpe kan vere rådgjeving og rettleiing eller sakkunnig vurdering der det trengst. For å sikre heilskapleg oppfølging vil PPT i mange saker samarbeide med andre etatar som til dømes helsestasjon, sosialtenesta, ergo-/fysioterapeuter.

Foreldre/føresette, unge og vaksne kan ta direkte kontakt med PPT. Er det barnehage, skule eller andre instansar som ønskjer at barnet skal kome til PPT-kontoret, må alltid foreldre/føresette gje skriftleg samtykke før vi tek til med utgreiing. Tenesta er gratis



### SamBa småbarnsteam - tverrfaglege team med foreldre som viktig samarbeidspart

Sula kommune ønskjer å tilby tidleg hjelp til barn og familiar som av ulike årsakar slit i kvardagen.

SamBa er eit lavterskeltilbod der både foreldre, skule, barnehage eller andre kan melde inn behov for rettleiing.

### Aktuelle utfordringar kan vere

- Barn som ikkje vil gå på barnehage eller skule
- Barn som strevar sosialt / mobbing
- Samansette behov som krev å bli belyst frå fleire sider
- Ein vanskeleg familiesituasjon som kan påverke barnet

SamBa skal vere foreldra/føresette sitt møte. Det blir som "ei dør" inn til hjelpeapparatet i staden for at det blir mange møte med ulike instansar.

Barnehage/skule og helsestasjon er saman med foreldre/føresette "stammen" i SamBa. Det er dei som kjenner barnet best. I tillegg er barneverntenesta og PPT fast representert. Andre kan inviterast etter behov.

Målet er at det på møtet skal bli avklart kva slags hjelp/tiltak som blir tilrådd, og kven som skal bidra med dette.

### Barneverntenesta

Tenesta skal bidra til å hjelpe barn og unge som har problem eller som lever under vanskelege forhold.

Barnevernet arbeider for å finne fram til løysingar som kan rette på forholda i samarbeid med foreldre og/eller andre aktuelle instansar.

Barnehagen meldar aldri til barnevernet utan at føresette er informert om meldinga, unntak er mistanke om seksuelle overgrep eller vald.

## **UTVIKLINGSPROSJEKT EKSTERNE OG INTERNE**

For å sikre av vi er i utvikling deltar dei tilsette i ulike prosjekt, læringsøukter og pedagogkafear. Prosjekta kan vere i regi av fylkesmannen, høgskulen i Volda, Sula kommune eller interne utviklings/prosjektarbeid.

## **PRAKSISBARNEHAGE**

Langevåg barnehage har avtale med Høgskulen i Volda om å vere praksisbarnehage for barnehagelærarstudentar. Vi ønskjer å medverke til ei god og framtidsretta barnehagelærarutdanning, vi ser også at det å ha eit tett forhold til fagmiljøet på Høgskulen gir oss eit fagleg påfyll og inspirasjon i vår eigen barnehage.

Barnehagen har også lærling i Barne- og ungdomsarbeidarfaget ca annakvart år.



